

## Barsakh

*Emilie er på ferie på Gran Canaria.  
Ho er ute og joggar.*

Emilie byrja å springe for to år sidan. Ho elska å springe. Det kjendest som ho trakka vekk hus, bilar, lekser og foreldre. Sånn var det denne gongen òg. Ho sprang og sprang.



Etter tjue minutt stoppa ho opp på ei høgde ut mot havet. Derfrå gjekk det ein stig ned til ei strand mellom klippene. Ho kikka utover havet og bølgiene. Da fekk ho auge på han.

Ein båt.

Ein liten, skrøpeleg trebåt. Full av menneske. Afrikanarar. Akkurat som på biletet i avisa.

Dei var ikkje meir enn femti meter frå land, likevel låg dei fleste av dei urørlege i båten. Eit hovud stakk opp over ripa. Ein gut på hennar eigen alder hadde fått auge på henne og vinka.

– Herregud, glapp det ut av henne. Så vinka ho tilbake.

Emilie gjekk fram og tilbake på den vesle stranda. Kva skulle ho gjere? Skulle ho svømme ut? Springe etter hjelp? Ringje politiet? Kva om dei blei fengsla og sende attende?

Ho såg ut mot havet att. Var nokre av dei døde alt? Guten som vinka, kasta eit tau mot land, men det landa berre fire–fem meter frå båten. Emilie byrja å vasse utover. Ho fekk sjå guten hoppe over bord og lande i vatnet med eit stort plask. Han dukka opp att og hadde tydelegvis tenkt å svømme mot land. Men det såg ut som om han var for sliten. Han dukka under. Og opp att. Emilie svømte mot han så snøgt ho kunne.

### Oppgåver:

Sjå Elevbok 7B side 105.

Gjer oppgåvene 2 og 4.

*Forenkla med løyve frå Simon Stranger*